

Styresak 92/2025 Prosjekt Ortopedi

Forslag til vedtak

Styret legg førebels til grunn at administrerende direktør legg fram følgjande tilråding når saka skal vedtakast på styremøtet i januar 2026:

Styret i Helse Førde ber administrerende direktør om å samle ortopedisk aktivitet i Førde sentralsjukehus med desse føringane:

1. Pasienttryggleik og pasientbehandling skal ha eit særskilt fokus, og det skal leggst vekt på omstillingsprosessar som sikrar kompetansebehovet i lokalsjukehusa.
2. Nødvendig omstillingsprosess skal ta vare på dei tilsette og deira rettar på best mogleg måte.
3. Samlinga skal gjennomførast i ein strukturert og nøktern prosess, som sikrar at dei økonomiske gevinstane for føretaket blir realiserte.
4. Lærdal sjukehus skal ha eit poliklinisk ortopeditilbod for pasientar i opptaksområdet på inntil to dagar per veke i ordinære arbeidsveker utanom feriar og høgtider. Dette for å redusere reisebelastning for pasientar, særleg sårbare pasientgrupper.
5. Både Lærdal sjukehus og Nordfjord sjukehus skal ha eit dagkirurgisk tilbod med inntil 30 operasjonsdagar i året til pasientar i opptaksområdet. Dette for å redusere reisebelastning for pasientar, særleg sårbare pasientgrupper.
6. Administrerende direktør skal utgreie eit tilpassa skadepoliklinisk tilbod ved lokalsjukehusa i Lærdal og Nordfjord på dagtid måndag til fredag. Dette for å redusere reisebelastning for pasientar, særleg sårbare pasientgrupper. Saka skal leggst fram for styret i april 2026.
7. Arbeidet med å redusere uønskt variasjon og vidare digitalisering skal vektleggast og ha sterkt fokus.
8. Kommunane, gjennom Sogn og Fjordane helsefellesskap, skal inviterast til samarbeid, for på best mogleg måte vareta sårbare pasientgrupper etter samlinga.
9. Det skal leggst til rette for at avtalespesialistar kan etablere seg ved lokalsjukehusa.
10. Endringa skal gjennomførast når det er praktisk mogleg, og seinast til sommaren 2026.
11. Styret skal orienterast om gjennomføring av vedtak om å samle ortopedisk aktivitet i Førde sentralsjukehus, inkludert tiltak punkt 1-9 over.
12. Gjennomføringa skal evaluerast, i dialog med kommunane, og leggst fram for styret. Første gong våren 2027, og deretter våren 2028.

Styresak 93/2025 Prosjekt Prehospitale tenester

Forslag til vedtak

Styret legg førebels til grunn at administrerende direktør legg fram følgjande tilråding når saka skal vedtakast på styremøtet i januar 2026:

1. Styret vedtek slik endring for struktur for bilambulansar i Ytre Sogn:
 - Lavik: Døgnbilen vert flytta til Fjaler, og stasjonen vert gjort om til beredskapspunkt.
 - Fjaler: Dagbilen vert lagt ned
2. Vedtaket betyr at det vert to døgnbilar i Fjaler, og totalt sett ein dagbil mindre i området.
3. Administrerende direktør skal ved iverksetjing av vedtaket vektlegge løysingar som tek i vare god pasientbehandling og dei tilsette sine rettar på ein god måte. Ved etablering av beredskapspunkt i Lavik skal ein ha dialog med Høyanger kommune om plassering.
4. Administrerende direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med gjennomføring av endringane.
5. Administrerende direktør skal dei første to åra etter endring i tenestene gjennomføre årleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet og responstider, i dialog med kommunane Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Sunnfjord. Evalueringane skal leggest fram for styret.

Styresak 94/2025 Prosjekt Barsel

Forslag til vedtak

Styret legg førebels til grunn at administrerende direktør legg fram følgjande tilråding når saka skal vedtakast på styremøtet i januar 2026:

1. Styret vedtek å vidareføre God start med jordmorsenter ved Nordfjord sjukehus i samarbeid med kommunane Stad, Kinn, Gloppen og Stryn med utgangspunkt i tilpassa driftsmodell og kostnadsdeling.
2. Samhandlingsmodellen mellom Helse Førde og kommunane i Nordfjord skal årleg evaluerast med omsyn til fagleg kvalitet, oppgåvedeling og økonomi. Evalueringa skal leggest fram for styret ved årets slutt i 2026 og 2027.
3. God start-eininga i Lærdal skal inntil vidare vidareførast som i dag i samhandling med kommunane Lærdal og Årdal.
4. Styret ber administrerende direktør utgreie alternativ organisering av barseltilbod, poliklinisk aktivitet og følgjeteneste i Indre Sogn, fortrinnsvis tilsvarande modell som i Nordfjord. Subsidiært skal utgreiinga vurdere flytting av barseltilbodet i Indre Sogn til Førde sentralsjukehus. Utgreiinga skal leggest fram for styret innan 1. juni 2026.
5. Styret ber særskilt om at utvida samarbeid med kommunane i Indre Sogn vert utgreidd, med utgangspunkt i fag og økonomi.

Styresak 95/2025 Prosjekt Hud

Forslag til vedtak

Styret legg førebels til grunn at administrerande direktør legg fram følgjande tilråding når saka skal vedtakast på styremøtet i januar 2026:

1. Styret vedtar å legge ned tilbodet ved hudpoliklinikken i Florø.
2. Styret ber administrerande direktør inn til vidare oppretthalde eit poliklinisk tilbod styrt av det medisinske behovet for lysbehandling i Sogndal.
3. Styret ber administrerande direktør søke driftsfordelar knytt til ei meir samla drift av tilboda innan hudfaget.
4. Administrerande direktør skal dei første to åra etter endring i tenestene gjennomføre årleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet, i dialog med kommunane. Evalueringane skal leggest fram for styret.
5. Administrerande direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med gjennomføring av endringane.